

Visitaforedrag ved bispevisitas i Osterøy 9. mai 2021

Kjære kyrkjelydar!

Takk for ein fin visitas her på Osterøy. Takk for gode møte med både staben og kommunen og ikkje minst med sokneråda i Hamre, Gjerstad, Haus, Hosanger og Bruvik på onsdag. På grunn av pandemien har det ikkje vore så mange møter med bygdene og bygdefolket som eg kunne ynskja. Men likevel så har den gode visitasmeldinga og samtalane med alle dykk eg har møtt, gjeve meg eit godt inntrykk av livet blant folk på øya både i kyrkja og elles.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i dette visitaforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Øystein Skauge.

Gudstenesta

Snart er det 1000 år sidan den fyrste kyrkja vart bygd her på øya, på Hamre, og minst like lenge har folk gått til gudsteneste. Vi veit at her på Haus har det vore kyrkje sidan før svartedauden. Vi står i ein lang kristen tradisjon og no er det vår tur til å ta vare på og føra arven vidare.

Akkurat som ostringar før oss treng vi gudstenesta både i gode tider og pandemitider. I gudstenesta får vi høyra den gode budskapet for livet, om Guds kjærleik og frelsa i Jesus Kristus. Der får vi leggja våre liv i Guds hand slik vi ein gong vart lagt i Guds hand i dåpen. For her høyrer vi til, både småborna og dei godt vaksne. Vi treng å gå til gudsteneste for vår eiga skuld, og vi skal gå for å gje Gud ære ved å samlast i hans namn.

Fordelinga av gudstenestene

Det siste året har vore eit unntak, og vi går mot gjenopning. I lange periodar har vi ikkje fått gå til gudsteneste slik vi plar gjere. Korleis skal vi no komme i gang med den gode kyrkjevanen?

Ein av nøklane til å bygga opp igjen kyrkjebesøket er regelmessig gudsteneste. Annankvar søndag er ein god rytme. Dersom folk veit at det er gudsteneste annankvar søndag i dei to største sokna, Hamre og Gjerstad, er det lettare å få ein god gudstenestevane. Difor vil eg laga ei ny gudstenesteforordning. På grunn av endra ordningar for arbeidstid til prestane, vert det litt færre gudstenester enn i den gamle forordninga som står i visitasmeldinga. Men vi held om lag det nivået som det var før pandemien, og landar på 100 forordna gudstenester årleg.

Dette betyr at det vil vere ei gudsteneste i rimeleg nærleik med bil for alle på Osterøy kvar sundag. Her gjeld det å tenke at sundag er kyrkjedag, også når klokkene ikkje ringer i mi aller næraste kyrkje.

Samarbeid og organisering

Når vi planlegg for tida etter korona kjem vi ikkje utanom spørsmålet om samarbeid, organisering og kor mange sokn ein treng for å drive eit godt arbeid i kvar kyrkje. Dette spørsmålet var oppe før sist val, men no er det kome til nye moment.

For det fyrste har de oppleve at nokre sokn har hatt sær store vanskar med å få folk til å stilla på liste. Det var leit å høyra og eg vil retta ei stor takk til de som har sagt ja, og tar ansvar og sit i soknerådet no.

For det andre har de enno fleire gode erfaringar med samarbeid på tvers. Det var mitt tydelege inntrykk etter samtala med leiarane og med sokneråda onsdag kveld. Ein har blant anna samarbeida om trusopplæring, om konfirmantarbeid, og ser at fleire kryssar soknegrensene for å gå på gudsteneste.

For det tredje har de no enno betre tid til å ha ein grundig prosess før neste val i 2023.

Difor vil eg sterkt oppfordra sokneråda til å setja seg saman og drøfta dette, ikkje som eit pålegg ovanfrå, men fordi meir samarbeid vil vera godt for det kyrkjelege arbeidet på Osterøy. Tida er inne for å ta eit steg i retning av sterkare samarbeid, anten det vert felles arbeid og planar, eit felles råd med

sjølvstendige sokn slik kyrkjeordninga §8 opnar for, eller de tek skrittet heilt ut og blir eitt sokn.

Det siste er nok den løysinga som eg vil anbefale dersom de ønskjer ein mest mogeleg smidig organisering. Gjennom eitt felles sokneråd, som også fungerer som fellesråd, kan de få eit samlande overblikk over arbeidsfeltet til dei i staben og dei frivillige, og også over dei felles ressursane ein rår over. Samstundes vert det då lettare å sjå til at drifta av soknerådet kan fylle alle dei formelle krava som kyrkja stiller i sitt regelverk.

Eit vilkår for denne løysinga må likevel vere at ein finn fram til ei ordning der alle dei fem kyrkjestadane vert godt ivareteke og helst også direkte representert i det nye felles soknerådet.

Kyrkjemusikken

Ein av dei tinga som bind kyrkjelydane saman over grenser er konsertar, og det har de vore flinke med, for de har dyktige kyrkjemusikarar. Det er kome framlegg om eit felles kor for alle sokna, og det synes eg de skal prøva på når ein igjen kan stå tett og synga.

Misjon

Eg ser at Bruvik, Haus og Gjerstad har felles misjonsavtale med Det norske misjonsselskap. Det er ein god ting og eg vil oppfordra dei to andre sokna til å bli med dersom de ikkje lagar eigne avtalar. Misjon og anna hjelp til kyrkja i andre land høyrer med til det å vera kyrkje.

Diakoni

Eit anna fellestiltak eg vil heia på, er felles inspirasjonssamling for diakoni som Hamre sokneråd tok initiativ til. Det er bra når de kan gjera slike ting saman, det må de gjera meir av. Det er fint at det er diakoniutval i Haus og Gjerstad og at det skjer gode diakonale tiltak i alle sokn.

Samstundes er det liten tvil om at det diakonale arbeidet kan nå mykje lengre ut viss de får tilsett ein diakon eller ein diakoniarbeidar i heil eller delt stilling. Vi tok opp dette i samtalen med kommunen, og det er ingen tvil om at både kyrkje og kommune her har samanfallande interesser. Kan det vore mogeleg å få til ei stilling her i lag? Eg trur nok at de her på øya må satse på egne krefter for å få dette til, og ikkje rekne med at det kjem manna frå himmelen, det vil seie bispedømet.

Trusopplæring og frivillige

Når det gjeld trusopplæringa må eg seia at de imponerer. Visitasmeldinga syner at de får til svært mykje arbeid sjølv med så mange kyrkjer og berre ein stilling på 80%.

Det skuldast ikkje minst ein dyktig trusopplæringsmedarbeidar som klarar å planlegga og sjonglera 5 trusopplæringsplanar og sameine dei alle i ein felles årsplan. Men tenk kva ein kunne fått til dersom ein kunne ha givarteneste og få ein større stilling.

Frivillige medarbeidarar

Så vil eg gje ein blom til dei frivillige medarbeidarar som er med og bidrar til den gode trusopplæringa. Takk til dykk og takk til alle andre som er medarbeidarar og leiarar og bidrar på ulike felt i kyrkelydane. Det er flott! Og det er enno betre dersom fleire kan tenka seg å bli med.

Eg vil gje dykk ros for at de har tenker på inspirasjon og påfyll til frivillige medarbeidarar, at de har hatt kurs tidlegare, og at de lagar gode rammer for dei. Til neste år er det frivillig-år og bispedømet kjem med ein oppdatert ressursperm som vil vera nyttig for sokneråda.

Ungdomsarbeidet

Eit felt som særleg kallar på frivillig innsats er ungdomsarbeidet. De har ei samling i kyrkjesenteret nokre fredagskveldar. Her kjem førebels ikkje veldig

mange, men det er ein god start! I tillegg har de drive med leiarkurs, og det er særst viktig og godt. Hald fram med dette. Også her vil eg tru at det er trong for frivillig innsats. Og så er det nok også trong for nokre nye tiltak for dei unge.

Gjevarteneste

Når ein har gode planar må ein òg sørgja for at ein har musklar til å setja det ut i livet - økonomiske musklar. Vi treng å minna kvarandre om at kyrkja treng meir enn det vi får frå stat og kommune dersom vi skal nå ut til alle i bygdene våre. Vi må læra oss å gjera som kyrkjene gjer elles rundt i verda, gje til eige arbeid. Difor er det oppmuntrande å lesa at Hamre sokneråd har starta arbeidet med å få på plass ei gjevarteneste. Dette må de snakka om i alle sokneråda og så må prestane forkynna fram gjevarglede.

Det er enkelt å få til ei gjevarteneste via autogiro, og den bør nok vera spissa slik at folk kan gje direkte til det arbeidet dei ser, anten det er trusopplæringsstilling, arbeid for barn og unge, diakoni eller kyrkjemusikk. Då kan ein utfordra nye folk, sjølv dei som ikkje enno er kyrkjegjengarar, til å bli med på ein dugnad for eit godt arbeid.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for eit godt møte med ordførar og rådmann. Eg set pris på at dei begge ser kva kyrkja betyr for Osterøy og at dei skjønar at kyrkjebygga er viktige som bruksbygg og som praktbygg. Når økonomien er stram er det viktig at ein ikkje sparar seg til fant på dårleg vedlikehald og heile tida skyver dette arbeidet fram til neste budsjettår.

På same måten er det viktig at ein ikkje sparar på den gode dialogen. Det er difor flott at vi no skal få til eit møtepunkt mellom kyrkjeverje og rådmann som ein del av budsjettprosessen.

Så vil eg også her nemne utfordringa med ei diakonstilling. Dette vil vere ein kostnad for kommunen på kort sikt, men ein klår gevinst både økonomisk og ikkje minst menneskeleg på lengre sikt.

Takk

Til slutt vil eg seia takk for ein kort, men god visitas med mange fine opplevingar! Eg vil takka alle dei som har vore med å skrive visitasmeldinga, den inneheld mykje god informasjon. Takk til dykk i staben for god tilrettelegging. Takk også til prost Øystein Skauge som har vore med å planlegga og gjennomføra denne visitasen som er hans siste visitas før han går av. Og så kjem det ein ny prost som vert biskopens utstrekke arm til sokna på Osterøy når biskopen ikkje er her. Og ikkje minst: Takk til alle tilsette og frivillige som gjennom året står på for at Guds rike skal vakse her på øya!

Heilt til slutt vil eg gje dykk fire utfordringar som summerer opp denne visitasen. Om eit år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Gå til gudsteneste regelmessig! Gå i nabokyrkja når det ikkje er i di næraste kyrkje, både for dykkar eiga skuld og for å gje Gud ære.
- Samla sokneråda og start ein prosess for betre samarbeid til beste for kyrkja på øya, ta vare på aktiviteten i kvart sokn, og vurder sterkt å slå dykk saman til eitt sokneråd for heile Osterøy.
- Ungdomsarbeidet er særst viktig både for kyrkja si notid og framtid. Dette må i større grad bli eit satsingsområde med nye initiativ og frivillig innsats.
- De må få på plass ei gjevarteneste, og den må vera spissa så ein kan gje til det som står eins hjarta nærast. Gjevargleda må forkynnast fram og folk må utfordrast til å bidra.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Osterøy med mange fine inntrykk. Eg takkar for desse dagane og ynskjer Guds signing over folket og kyrkjene i Hamre, Gjerstad, Haus, Hosanger og Bruvik.

Bjørgvin bispestol, 9. mai 2021

Halvor Nordhaug